

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.02.2019
007/19	Levekårsutvalet	PS	12.02.2019
006/19	Formannskapet	PS	14.02.2019
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	18/2999

Trafikksituasjon Eikanger skule

Vedlegg :

Trafikksituasjon Eikanger - skisse til løysing

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek å setje av 2,5 millionar kroner til trafikksikringstiltak ved Eikanger skule.

.....

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 004/19

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal- prosjektleiar Drift eigedom

Ingen merknader.

RMNF - vedtak:

Ingen merknader.

Levekårsutvalet - 007/19

LE - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleiar drift Eigedom

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

Kommunestyret vedtek å setje av 2,5 millionar kroner til trafikksikringstiltak ved Eikanger skule.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Sak om oppgradering av Eikanger skule var oppe i formannskapet 18.10.18. Saka fekk følgjande vedtak:

«Formannskapet vedtar å oppgradere Eikanger skule som skildra i saka. Total investeringsramme på 3 millionar kroner er i samsvar med økonomiplan.

Formannskapet bed rådmannen leggja fram utgreiing på kostnad vedrørende betra trafikksikring; parkering, dropsone ved Eikanger skule.


Elevar/elevråd bør involverast når det gjeld oppgradering av uteområdet.»

Denne saka gjeld utgreiing knytt til betra trafikksituasjon.

Vurdering

Trafikksituasjonen på Eikanger skule har i mange år vore dårleg. FAU og skulen har påpeika dette. Innkøyringa til skulen ligg i ein 90 graders sving langs fylkesvegen. Foreldre som køyrer barna sine manglar areal til å setje av barna. Parkering og av-/påstigning skaper til tider farlege situasjonar for dei mjuke trafikantane.

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med vegavdelingna skildra eit forslag til løysing. Forslaget som ligg vedlagt går i korte trekk ut på å etablere ei av-/påstigningssone på eksisterande parkeringsplass, og etablere ny parkering (15 plassar) oppe mot krysset til fylkesvegen. Fortau er og foreslått.



Forslaget vil ikkje gje ei optimal løysing, (det ville ha kravd større inngrep samt regulering), men det vil gjere situasjonen for skulebarna mykje tryggare.

Ved søknad om tiltak i området er det krav om detaljregulering. Det tek ca. eit år. I denne saka vil det vere aktuelt å søkje dispensasjon frå plankravet. Søknaden skal då på høyring til Statens Vegvesen, landbruksavdelinga i kommunen og Fylkesmannen.

Løysinga har vore diskutert med Statens Vegvesen, som støttar forslaget. Landbrukskontoret har i denne saka ikkje merknader til at det aktuelle arealet vert omdisponert frå overflatedyrka jord til trafikkformål. Utfallet frå Fylkesmannen er uviss.

Lindås kommune eig ikkje noko areal kring skuletomta, og ei løysing vil krevje areal utover tomta. Sidan det ikkje er planar om å regulere er ein avhengig av vilje frå grunneigarane til

kjøp eller leige. Det er to bruk som vert råka. Eigedomsavdelinga har orientert dei to grunneigarane om planane, og dei kan vere open for å leige vekk arealet i til dømes 5 år.

Kostnadene for tiltaket er estimert til ca. 2,5 millionar kroner inkl. mva.

Vegavdelinga i Lindås kommune søker om trafikksikringsmidler frå Hordaland Fylkeskommune. (Eige sak i formannskapet). Dette er eitt av tiltaka som er foreslått prioritert i samband med søknaden. Dersom det vert gjeve midlar til å dekke deler av eller heile dette tiltaket, vil investeringsramma bli tilsvarande redusert. Søknadsfrist er 25. februar og vedtak om tildeling er avklart 10. april 2019.

For ei vurdering av denne saka, er det relevant at det i økonomiplanen ligg midlar til ny skule på Fyllingsnes, ferdig i 2023. I oktober 2018 vart det vedteke å nytte 3 millionar kroner til oppgradering av eksisterande skule i 2019, mellom anna ved å få inn offentleg vatn og ein ny etasje i paviljongen. I tillegg kjem årlege leigeutgifter av paviljong i to etasjar på vel 1 million kroner pr. år totalt.

Rådmannens tilråding

Rådmannen tilrår å setje av 2,5 millionar kroner til trafikksikringstiltak ved Eikanger skule.

.....